

Uskedal

1880 →

Ein ferdamann som kom siglande inn Storsund for hundre år sidan ville sjå lite til husa i Uskedalen. Det var Eik og Steinsletto som synte fram husa sine, og so Kapteinsgarden. Den store husklyngja på Myklebust låg på den staden dei no kallar Tuftene, og var ikkje so lett synleg frå sjøen.

Det var eitt hus i Myklebust-tunet som ruva meir enn dei andre. Det var i to høgder, noko som var sjeldsynt i dei dagane. Det hørde til bruk nr. 9, og Samson Samsonson budde der i 1865. Han let garden til Olav Samsonson i 1885. På den garden sto og den gamle tinge-stova, som bar bygd i 1763 av lensmann Søren Rikardsen. Stova står no på g.nr. 14.

Dønhaug-gardane låg endå lenger inne på haugen og kunne ikkje so lett sjåast frå sjøen.

Fram med strendene låg i rekkje og rad dei små, grå nausta. Dei ruva ikkje mykje i landskapet, men vitna om at det budde folk i dalen. Slike naustsamlingar var det ved Eike-landet, på Sanden og i Beinavikjo.

Nedan for Skårhaug budde det folk berre under eika på Neset og på Nausthaugen. Før Svartedauen var det ein plass, som seinare vart kalla Øyegardsneset - nede ved Holmsund. Plasset Udlabrotet er kanskje det same som seinare fekk namnet Gamleplasset. Det var der Bertel B. Myklebust var fødd og vaks opp.

Elles var nok jorda nede ved sjøen frå gammalt av brukt til sambeite, truleg vårbeite. Namnet Sjoarstølen skulle tyda på det. Men Stølen var busett alt 1714, så det er lang tid sidan. Flatholm var og felleseiga, og der hadde Myklebust-bøndene hestane sine når dei ikkje var på fjellet.

Etter at dei slutta med fellesbeite nede ved sjøen, delte dei opp slik at dei fekk kvar sine stykke:

Bruk nr. 9 fekk Storemyr der Bjørn Myklebust bur no. Bnr. 14 fekk det stykket Larsen har, likeeins instreluten av Thor T. Myklebust sin gard. Ytste luten, der tunet ligg, hørde til b.nr. 3. Sanden, der Nilsen bur, hørde til b.nr. 1, likeeins kyrkjegarden og kyrkja. B.nr.17, som Torgeir Olavsson dreiv i slutten av 1860-åra, hadde ein teig lenger ute, ved sida av kyrkjegarden. Denne teigen vart lagd til garden ved utskiftinga i 1898.

Fellesnamnet for alle desse stykka var "Sjøstykket" - Sjoarstykket. Det var utlør der nede, men elles låg desse teigane på slutten meir og mindre tilvaksne med skog, mest raun. "Store-raunen" kallast den største av dei, han sto til etter første krigen.

I 1863 kom Oja Torgeirson Døssland frå Vikedal og rydja og bygde på Sanden. Han var fødd på Døssland og kona, Seselie var fødd på Neset. Dei rydja seg fyrst ein heim på Rinda på Døssland - husa står der den dag i dag. Etter 10 år der flytte dei til Vikedal, i 1853. I 1863 kom dei til Sanden, og bygde der det gamle huset med krambu, som står i dag (1974). Dei døyde båe i 1866, kring 56 år gamle. Sonen Jon kjøpte sjøstykket til bruk nr. 3, og bygde dei husa som står på garden i dag. Han selde seinare til Bertel B. Myklebust. Rabben vart bygd noko seinare - kring 1884.

På Dønhaug hadde dei og sine teigar utanom heimegarden. Til g.nr. 1 hørde Askjelplasset - truleg nemne etter ein som har butt der. Dette plassen vart drege tilbake til garden i 1880-åra. Seinare, i 1916 vart det selt og fekk namnet Sverregård.

Til g.nr. 2. hørde Utsløyen (Utslåttene), også kalla Sedehaugen (Såhaugen). Det vart fråskilt i 1817. Der budde Bertel Pedersen Myklebust, no Bjarne A. Myklebust.

I Beinavikjo var det liknande som på Sanden. Det sto nokre grå naust frammed stranda. På skjølve vikjo var det ein husmannsplass som var knapt halvparten av det som seinare var av dyrka jord. G.nr.2

vart selt i 1860 til Peder Tveitnes, og i 1861 vart Beinavikjo seld til Jens Arnesen Ask. Han tok til å driva handel, og bygde nok den fyrste krambua der. Den var i ei høgd, med krambu i kjellarhøgda og bustad ovanpå. Seinare vart det bygt ei høgd til. Krambua var, som mange på den tid, lik den som enno står på Dimmelsvik. Det gjekk ei solid steintrapp opp til andre høgda. Inngangen til krambua var under trappedekket, som var ei traust steinhella. Handredet på trappa var malm-søyler med jarnstenger innimellom. Då trappa seinare vart riven, vart handredet flytt og sto på vegen framføre fyrhuset til hermetikkfabrikken. Slik sto krambua til fyrst på 1900-talet. Det var drive noko handel tidlegare - av Harald Bergeson Myklebust.

Kring 1865 tok dampbåtane til å gå inn gjennom fjorden her. Dei gjekk oppom på Beinavikjo. Frå fyrst av vart dei ekspederte med båt. Seinare vart det bygt kai. Det vart og bygt bakeri, og det sto mykje likt like til 1950-åra. Kaien gjekk annleis enn nokon kan hugsa det no, langs med bua, og strekte seg noko utover. Frammed buveggen var det ein smal gang ut til kaien. Ovan om denne utstikkaren var det ein open hop der det var lagleg å lenda med småbåtar. Slik såg det ut til først i 1900-åra. Nokon skikkeleg veg var det ikkje fram til Vikjo den tida. Det var den gamle naustvegen som gjekk ned ved Flatebø, gjekk framom nausta på øvste sida og bak der fabrikken kom til seinare.

Året 1879 tok Ivar Arnesen over etter faren, som bygde seg kårhus - det dei kalla bestemorhuset. Dette sto i søre luten av eigdødomen, og vart i mange år nytta til bustad for fabrikkarbeidarar.. Det gjekk med i den siste brannen.

Med Ivar Arnesen vart det meir liv og røre. I fyrstinga krydda dei brislingansjos, som var ei etterspurd vare på den tida. Snart vart det bygt fabrikk for nedlegging av brisling. Det vart og lagt ned fisk og kjøt. Denne drifta heldt på til noko over 1910. Brislingnedlegging dreiv dei med til 1912, då fabrikken vart seld til Concord Canning Company.

Dei tok tidleg til med notbruk i Vikjo, og kring 1910 var det to notbruk der. Det var då fire bruk i bygda. Seinare vart eit moderne notbruk kjøpt inn av eit partlag. Alle desse bruka vart selde i perioden 1914 - 1918.

Krambua og kaien vart verande slik som nemnt fram til kring 1904. Då vart krambua utvida og modernisert. Golvet vart senka, likeeins vegen framføre. Stein vart teke ut og fyllt i hopen ovan om kaien. Det vart bygt altan på huset, og krambua vart bygt ut i breidd med den. Samstundes vart det bygt kommunal veg fram til krambua. Det er den vegen som er i dag.

KVINNHERED.

Gjennem Kvinnhered fører den gamle stavangerske postvei først fra Sundfjord i Strandvik til Huse i Ølen og senere fra Helvik til Fjelberg grænse ved Helland. Denne vei var meget bakket. Den er senere delvis omlagt. I 1862 bevilget amtstinget $\frac{1}{6}$ bidrag til omlægning av Rødstenklevene. Anlægget kom den gang ikke til utførelse. 1871 bevilget amtstinget paany bidrag. Omlægningen utførtes 1895—1901 mot $\frac{1}{4}$ distriktsbidrag, hvorav herredet utredet $\frac{1}{4}$. Angaaende omlægning Askedaasen—Ølfarnes se Skaanevik; likeledes angaaende projektet Matre—Kvinnhered. I 1910 bevilges $\frac{1}{4}$ distriktsbidrag mot $\frac{1}{4}$ refusion av herredet til hovedveisanlæg Ænes—Løvfaldstranden. Anlægget er endnu ikke kommet i rekkefølge.

Av bygdeveier hadde herredet kun faa før 1860. Der var en i Husnæs sogn og en fra Rosendal kirke til Malmanger. I 1861 forelaa der andragende om bidrag til en vei mellem sjøen og Bondhusbræen i Bondhusdalen. Anlægget ønskedes for, at der kunde bli anledning til at utføre is fra bræen. Dette opplyses at ha været forsøkt i 1823; men maatte da opgives da transporten blev for dyr. Amtstinget avslag bidrag og senere har anlægget ikke været fremme. Først i 1870-aarene begyndte bygdeveisbygningen for alvor i herredet og har siden været i jevn utvikling.

Herredet hadde ved utgangen av 1910 følgende veinett:

Hovedveier: Husa—Strandvik grænse.....	3499 m.
Helvik—Helland (Fjelberg grænse).....	9503 „
<u>Sum</u>	<u>13002 m.</u>

Bygdeveier	Bevilget	Færdig	Længde m.	Kostende	Amts- bidrag	Stats- bidrag	Anmerkning.
				Kr.	Kr.	Kr.	
Malmanger—Rosendal kirke.....		før 1860	1860				
Onarheim—Kaldestad.....		—	2313				
Kaldestad—Sunde.....	1872	1876	3880	3258.00	651.60		
✓ Fedts bro—Stensletten.....	1878	} 1887	11540	23858.54	4771.71		
Bro over Uskedalselven.....	1885						
Helvik—Bergstien.....	1878	1884	} 3400	2567.73	513.55		
Bergstien—Stensletten.....	1885	1892		5859.43	1171.89		
✓ Haavik—Kvitebergvand.....	1882	1891	7427	16571.25	3314.25		
✓ Tvedtene—Haugevaag.....	1891	1900	4450	10454.81	2090.96		
✓ Kvitebergvand—Tvedtene ¹⁾	1893	1905	2980	} 25918.70	5183.74		¹⁾ Ikke helt opgjort.
✓ Slagget—Skarvetun ¹⁾	1893	1899	2310				
Bjelland—Sunde.....	1896	1901	1095	3185.93	637.19		
Sunde—Opsanger ¹⁾	1896	1906	1300	6268.16	1253.63		
✓ Gjermundshavn—Boland.....	1900	1904	880	4177.60	835.52		
<i>Bevilgede og under arbeide værende bygdeveier:</i>			Længde	Avlevert			
			m.	pr. $\frac{1}{1}$ 1911	pr. $\frac{1}{1}$ 1911		
Kvinnhered kirke—Løvfaldstranden	1896	5400	2400	20716.86	4143.37		
✓ Indre Fet—Musland.....	1896	6650	i 1912	16194.46	3238.89		
Hjortland—Ask.....	1902	2000	i 1912	5207.36	1041.47		
Skaale—Indre Fet.....	1903	4750	i 1915	15215.60	3043.14		
Indre Fet—Lande.....	1903	4010	i 1912	10513.07	2102.61		
Guddalsbroen—Naterstad ²⁾	1908	680	i 1927				²⁾ Ikke paabegyndt.
Seim—Guddal ²⁾	1908	1800	i 1922				
Sund—Hjelmeland ²⁾	1908	2200	i 1925				
Uskedals bro—Haugland ²⁾	1908	2630	i 1922 og 1943				
Porsvikskar—Opsanger ³⁾	1909	1275	i 1913				³⁾ Anbefalt til statsbidrag 1909, saadant bevilget for terminen 1911—12. Paa-begyndt 1911.
Sum			45815	169967.59	33993.52		